

## DETALJREGULERING KLOVNINGEN HAMN

Planidentifikasjon:	Eigengodkjenningsdato:	Eigengodkjend av:
1511 202104	xx.xx.2023	Vanylven kommunestyre

Kommunens sak/arkivnr: ephorte-mappe: ACOS-mappe: 19/

### REGULERINGSFØRESEGNER

for detaljreguleringsplan for Klovningen hamn

Utarbeidd: 30.09.2022

Sist revidert: 30.10.2023

Vedteke i kommunestyret i sak: xx/xx, xx.xx.2023

## §1 FORMÅL MED PLANEN

Formålet med planen er å fastsette dei juridiske rammene for korleis Klovningen hamn skal utvikle seg i framtida. I dette ligg det å gi rammer for byggeområda i hamna og tilhøyrande areal på land, samt tilkomstvegar og parkering. Målet er å skape ei attraktiv småbåthamn, samt legge til rette for meir næringsverksemd nord i hamna. Planen er utarbeidd som detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 12-3.

### § 1.1 AREALFORMÅL OG OMSYNSSONER

Planområdet er vist med plangrenser. Innanfor planområdet er det sett av følgjande arealformål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1):

- Fritidsbusetnad (FB)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (SMS)
- Industri/lager (I/L)
- Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2):

- Veg (V)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (AVT)
- Annan veggrunn - grøntanlegg (AVG)
- Kai (KAI)
- Molo (Molo)
- Parkeringsplassar (PP)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

- Hamneområde i sjø (HOS)
- Småbåthamn (SH)

Innanfor planområdet er det sett av følgjande omsynssoner (PBL § 12-6):

- H140 Frisiktsone
- H320 Flaumfare

## § 2 FELLESFØRESEGNER

### § 2.1 GENERELT

Reguleringsplanen omfattar reguleringsføresegner og reguleringskart i målestokk 1:1000. Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset, og det kan ikkje gjerast privatrettslege avtalar i strid med denne planen. Føresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova med forskrifter. Reguleringsplanen opphevar ikkje eksisterande privatrettsleg avtalar.

Reguleringsplanen har som føresetnad at moloane vert bygd som skildra i *Bølgeanalyse og havneplan – Klovningen havn*. Vedlegg 3. Versjon 03 (eller seinare versjonar). Norconsult AS 2023-03-28.

### § 2.2 EIGARFORM

Område som er merka med «o\_...» på plankartet skal vere i offentleg eige. Område utan «o\_» er private.

### § 2.3 ANLEGG SARBEID OG UTFYLLING I SJØ

- All anleggsaktivitet skal ta omsyn til hekketid for fugl.
- Alle tiltak i sjø er søknadspliktige etter Forureiningslova (Statsforvaltar) og Havne- og farvannslova (Kystverket).
- Utfylling i sjø skal skje i samsvar med vilkår sett i løyve etter Forureiningslova og Havne- og farvannslova.
- Grense for utfylling i sjø er markert på plankart med *Byggegrense utstrekning fyllingsfot*. Innanfor hamneområdet o\_HOS1 og HOS3 kan grensene justerast.
- Tiltak for å førebygge erosjon, utgliding og setningar skal vurderast av geoteknisk sakkyndig i samband med utarbeiding av byggesøknad.
- Oppfylt terreng for Uthus/naust/badehus (UNB), industri/lager (I/L) og Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA) skal etablerast med høgde minimum +2,7 m over NN2000.
- Det skal nyttast reine massar ved utfylling i sjø.
- Ved utfylling skal det i perioden 15. mai – 15. september brukast siltgardin for å hindre spreieing av partiklar i vatnet, for å avgrense skade på yngel i nærleiken av gytetfeltet i Haugsfjorden. Eventuelt andre tiltak for å avgrense partikkelspreiinga mest mogleg.
- Fyllingsskråningar mot sjø må erosjonssikrast eller murast.
- Utfylling og moloar skal prosjekterast og utførast i samsvar med løysingar i rapport *Bølgeanalyse og havneplan – Klovningen havn*.

### § 2.4 UNIVERSELL UTFORMING OG ESTETIKK

Prinsippa for universell utforming skal nyttast for alle areal som er offentleg tilgjengeleg. Utforminga skal vere i samsvar med gjeldande krav og retningslinjer for universell utforming. Eit kvart tiltak skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, i forhold til tiltaket sin funksjon og deira bygde og naturlege omgivnadar og plassering. Dette skal visualiserast i byggesøknad.

### § 2.5 ENERGI

Ved planlegging og utforming av byggjetiltak skal gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer, samt kommunen sin til ei kvar tid gjeldande klima- og energiplan, leggast til grunn.

### § 2.6 VATN OG AVLØP

Det skal utarbeidast ein plan for vassforsyningsanlegg, avløpsanlegg og overvassanlegg. Trasé fram til tilknytingspunkt til kommunal vassforsyning og avløp skal gå fram av søknad om tiltak. Overflatevatn som ikkje er ureina, kan ha avrenning til sjø.

### § 2.7 AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det rårar kulturminnet eller sikringssona på 5 meter. Funn skal straks meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminne. Det er viktig at dei som utfører arbeid i marka blir gjort kjent med denne føresegna.

### § 2.8 KRAV TIL SØKNAD OM TILTAK (BYGGESØKNAD)

Tiltak for å førebygge erosjon, utgliding og setningar skal vurderast av geoteknisk sakkyndig i samband med utarbeiding av byggesøknad. Det skal ikkje oppførast bygningar/konstruksjonar på området for industri/lager (I/L) før det ligg føre attest på at massane i utfyllingsområdet er tilstrekkeleg stabilisert. Det vert stilt krav til fagleg kompetanse til den som skal utferde attest for stabilisering. Dokumentasjon på kompetanse skal følge med byggesøknad.

Plan for sikring av omgjevnadane mot støy og andre ulemper i byggefasen skal følgje søknad om igangsetting. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstid, støvdemping og støyforhold. Støy frå bygge- og anleggsverksemd skal handterast i samsvar med kapittel 4 i Miljøverndepartementet si retningslinje T-1442/2012.

I samband med søknad om løyve for bygg skal det leggast fram plan- og fasadeteikningar for bygningar, og plan for uteareal med køyreareal, parkering, gangareal m.m. Tiltaket sine visuelle (estetiske) kvalitetar både i seg sjølv og i høve til omgjevnadane skal vurderast, også når det gjeld fjernverknad. Det er eit mål å unngå bygg som vert opplevd som framande for staden, sjølv om dei elles er innanfor plankrava.

## § 3 FØRESEGNAR FOR AREALFORMÅL (§12-5)

### § 3.1 BYGNINGAR OG ANLEGG (§ 12-5 NR. 1)

#### § 3.1.1 Fritidsbusetnad (FB)

**FB1** omfattar areal for fritidsbusetnad/ rorbuer knytt til småbåthamn SH3. Området kan også nyttast til tradisjonelle naust. Eksisterande naust i området kan bevarast. Areal innanfor FB1 som ikkje blir bygd ut, kan mudrast og nyttast til båtplassar i samanheng med småbåtområde SH3.

Rorbuer/naust kan oppførast som frittstående eller kjeda bygningar. Bygningane innanfor området skal ha eit einsarta, samla uttrykk, men harmoniske variasjonar i utforming og fargesetting vert tillate. Bygningane kan oppførast i inntil to etasjar, og skal ha form og uttrykk som rorbuer (maritimt uttrykk) med mønetak mot sjøen og takvinkel mellom 30° og 45° grader. Andre takformer kan tillatast ved godt illustrert byggesøknad jf. § 2-8.

Bygg skal etablerast med utvendig areal på minimum kote +2,7 m NN2000, og innvendig golvhøgde på minimum kote +3,0 m NN2000.

Maks tillaten gesimshøgde er 6 meter og maks tillaten mønehøgde 9 m, rekna frå terrenghøgde mot sjø. Maksimum utnyttingsgrad er fastsett som %-BYA = 40%.

For kvar 400 kvadratmeter utbygd areal skal det vere ei branngate på 8 meter eller anna godkjent brannskilje. Taktekkingsmateriale skal vere mørkt og ikkje reflekterande. Taktekking med solcellepanel kan tillatast etter søknad.

Sjøfronten kan etablerast med kaifront eller flytebrygge. Ubygde delar av føremålet kan ha treplattung i terrenghøgde inntil fritidsbustad inntil 10m<sup>2</sup> pr fritidsbustad. Resten av areala skal integrerast i tilgrensande i omkringliggende areal. Parkeringsplassar for fritidsbustadar kan opparbeidast innanfor området, maks. 1 p-plass pr. fritidsbustad.

Tilkomst til småbåthamn SH3 skal sikrast over FB1.

Det er krav om situasjonsplan som viser samla utnytting av FB1 og SH3 i samband med byggesøknad. Planen skal vise plassering og utforming av bygg, tilkomst til småbåthamn SH3, materialbruk og samanheng med tilgrensande areal med kotehøgder. Høgdeforskjellar mot eksisterande naust og tilgrensande veg skal takast opp innanfor FB1, og visast i situasjonsplanen. Målet er å oppnå god utforming og effektiv arealutnytting totalt sett.

Før rorbuer, naust eller eventuelle båtplassar blir etablert innanfor FB1, skal Molo 2 og Molo 4 vere etablert. Tilgrensande del av V5 skal opparbeidast samtidig med utbygging av FB1.

**FB2** inngår i ei siktsone for ein tilkomstveg til fritidsbustad i tilgrensande plan. Området skal inngå i tomteareal i tilgrensande plan.

### § 3.1.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (SMS)

Formålet omfattar areal på land/ strandsone knytt til småbåthamn.

**SMS1** omfattar eksisterande landareal med utfylling i sjø og båtopptrekk. Området skal brukast som i dag, som landareal til småbåthamn SH1. Høgdeforskjell mellom SMS1 og veg o\_V4 må takast opp innanfor SMS1, og kan utførast som terrengskråning, trapp eller mur, eller ein kombinasjon av dette. SMS1 skal utformast på ein tiltalende måte. Høgdeforskjellen bør nyttast til å etablere soner for opphald.

**o\_SMS2** skal nyttast som strandsone/landareal til småbåthamn o\_SH2. Innanfor området kan det etablerast flytande brygge eller fast brygge utført i tre eller med natursteinsmur. Området kan mudrast. Mot tilgrensande vegareal o\_AVT skal det etablerast mur eller plastra fylling.

Før o\_SMS2 kan byggast ut skal Molo 2 og Molo 4 vere etablert.

### § 3.1.3 Industri/lager (I/L)

Området kan nyttast til næringsverksemd med tilhøyrande næringsbygg. Maksimal gesimshøgde er sett til 6 m og maksimal mønehøgde til 10 m. Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %-BYA = 40%.

Innanfor området kan det etablerast næring knytt til fiskeri, transport, turisme, akvakultur eller andre tilsvarande typar næring. Det kan ikkje etablerast detaljhandel, kontor, tenesteyting eller forretning. Det kan ikkje etablerast næringsverksemd som fell inn under Storulykkeforskrifta.

Byggegrunn og konstruksjonar innanfor området skal vere tilstrekkeleg sikra mot stormflo og bølger i samsvar med sikkerheitsklasse F2, i samsvar med teknisk forskrift TEK 17. Utfylling i område I/L må planerast på minimum kote +2,7 m NN2000, og nye bygningar må etablerast minimum 4 m frå fyllingsfronten for å oppnå tilstrekkeleg sikkerheit mot bølgepåverknad. Innvendig golv skal etablerast på minimum kote +3,0 m NN2000, og bygningar nær sjøen bør etablerast på ein grunnmur som hevar seg 20 – 30 cm over terrenget.

Utbygging innanfor område I/L har som føresetnad at Molo 3 er etablert, eller at tilstrekkeleg sikkerheit blir oppnådd gjennom etablering av eit brystvern, som skildra i vedlegg 3 til planen; «Bølgeanalyse og havneplan».

Bygga skal ha eit uttrykk som harmonerer med omgjevnaden. Taktekkingsmateriale skal vere mørkt og ikkje reflekterande. Taktekking med solcellepanel kan tillatast etter søknad. Uteområde skal haldast ryddig. Delar av formålet som ikkje er utbygd eller opparbeidd, skal såast til med frøblanding med stadeigne artar. Sjå og §4.1 for sikring mot flaum og §2.8 for krav til søknad.

Nødvendig parkeringsareal skal opparbeidast innanfor reguleringsformålet.

### § 3.1.4 Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

Område BAA omfattar areal til lager, kontor og servicefunksjonar i indre hamn, inkludert nødvendig utfyllingsareal i sjø. Innanfor byggegrensene i område BAA kan det førast opp bygg som kan romme lager, kontor, areal for utsal/utleige av båtar og sjørelatert utstyr, boder for brukarar av småbåthamna og offentleg tilgjengeleg toalett. Eventuell utandørs lagring skal skje på ein ryddig måte.

Maksimal gesimshøgde er sett til 6 m og maksimal mønehøgde til 9 m, rekna frå terrenghøgde mot sjø. Maksimal utnyttingsgrad er sett til %BYA = 35%.

Bygget må førast opp innanfor byggegrensene på plankartet. Bygget skal ha form og uttrykk som rorbu/naust (maritimt uttrykk) med mønetak og takvinkel mellom 30° og 45° grader. Andre takformer kan tillatast ved godt illustrert byggesøknad.

Bygg skal etablerast med utvendig areal på minimum kote +2,7 m NN2000, og innvendig golvhøgde på minimum kote +3,0 m NN2000.

Sjøfronten kan etablerast med kaifront eller flytebrygge.

Parkeringsbehov for etablert verksemd i BAA kan etablerast på eigen grunn. Ved utvida aktivitet som genererer ny trafikk, skal behov for parkeringsplassar dekkast innanfor område o\_PP.

## § 3.2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 NR. 2)

### § 3.2.1 Veg (V)

Vegane skal dimensjonerast og opparbeidast som vist i plankartet.

o\_V1 og o\_V4 er offentlege tilkomstvegar til hamneområdet. V2, V3, V5 og V6 er private vegar.

Avkøyring til o\_V1 og V6 frå fylkesvegen skal ha geometrisk utforming i samsvar med krav i handbok N100.

o\_V4, V5 og V6 skal ligg på minimum kote +2,7 m N2000.

### § 3.2.2 Annan veggrunn –teknisk anlegg (AVT)

o\_AVT er avsett til sideareal til veg o\_V4 mot småbåthamn. Området skal nyttast til støttemur og rekkverk.

### § 3.2.3 Annan veggrunn – grøntareal (AVG)

AVG er avsett til sideareal til veg og kan innehalde skjeringar, fyllingar, støttemurar, teknisk infrastruktur, skråningsutslag og areal for eventuell beplantning. Anna vegareal som grensar mot landbruksjord skal der terrenget legg til rette for det utformast slik at det er mogleg å slå heilt inn til vegen. Ved planting skal det nyttast stadeigne artar. Vegetasjon skal ikkje overskride krav til sikt gitt i SVV sin handbok N100.

o\_AVG1-3 er offentlege areal. AVG4- og AVG6 er private.

### § 3.2.4 Kai (KAI)

o\_KAI1 og o\_KAI2 er offentlege kaier.

o\_KAI1 (trekaia) kan rehabiliterast og nyttast slik den er opparbeidd, eller den kan fjernast og arealet kan nyttast til småbåthamn saman med område o\_SH4.

o\_KAI2 (betongkaia) skal vedlikehaldast og nyttast slik den er etablert.

### § 3.2.5 Parkeringsplassar (o\_PP)

Område o\_PP skal nyttast til offentlege parkeringsplassar i samband med småbåthamna. Parkeringsplassar skal planleggjast med ei hovudinndeling som gir rasjonell utnytting av plassen. o\_PP skal etablerast på minimum kote +2,7 NN2000. Høgdeforskjell mot tilgrensande område skal takast opp med mur og terrengskrånning innanfor område AVG3.

Inntil 1/3 av parkeringsplassen kan nyttast til vedlikehald av båtar.

### § 3.2.6 Molo

**o\_Molo1** omfattar eksisterande offentlig molo. Denne moloen kan både utbetrast og hevast.

**o\_Molo2** omfattar ei forlenging av o\_molo1. Molo 2 kan byggast opp som eksisterande molo 1, og skal skje i samsvar med skildring gitt i *Bølgeanalyse og havneplan*, vedlegg 3 til reguleringsplanen. Eventuell brystning på o\_Molo2 skal vere av stor naturstein.

**Molo3** omfattar ein ny privat molo. Molo 3 kan byggast som runddekt molo eller med gangveg. Skråningshelningar og eventuelle tiltak for å stabilisere grunnen skal være samsvar med geoteknisk prosjektering.

**Molo4** omfattar ein ny privat molo inne i hamnebasenget. Molo 4 kan om ønskjeleg fjernast når Molo2 og Molo3 er ferdigstilt.

Moloane kan justerast innover i hamna, innanfor hamneområde o\_HOS1, dersom det kan dokumenterast at skjerming mot bølgepåkjenning er tilfredsstillande. Eventuell justering av Molo4 skal ikkje gi større bølgepåkjenning (tilbakeslag) på eksisterande kai i område I/L.

For å ivareta tryggleiken må eksisterande molo 1 stengast for ferdsel under storm, og varslingsskilt bør settast opp.

## § 3.3 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5 NR. 6)

### § 3.3.1 Hamneområde i sjø (HOS)

Område o\_HOS1 og o\_HOS2 og HOS3 skal nyttast til hamneområde i sjø. o\_HOS1 og HOS3 omfattar sjøareal innanfor moloane, o\_HOS2 omfattar sjøareal utanfor.

Skråningsutslag under havoverflata for molokonstruksjonar og næringsareal I/L er framstilt i plankartet med byggegrense for fyllingsfot. Byggegrensa er ikkje bindande for utstrekning av fyllingsfot innanfor o\_HOS1 og HOS3. Det kan mudrast innanfor område o\_HOS1 og HOS3.

Mellom molo 2 og molo 4 må det settast av minimum 15 m brei opning inn til småbåthamna på 5 m djupne.

### § 3.3.2 Småbåthamn (SH)

Området skal nyttast til småbåtanlegg i sjø. SH1 omfattar eksisterande småbåthamn, o\_SH2, SH3 og o\_SH4 omfattar nye småbåthamner. Det kan mudrast innanfor SH-områda.

Krav om felles situasjonsplan:

Det er krav om situasjonsplan som viser ei samla utnytting av o\_SH2, SH3, SMS2 og UNB i samband med byggesøknad. Planen skal vise materialbruk og utforming av planlagde tiltak, og samanheng med tilgrensande areal med kotehøgder. Målet er å oppnå god utforming og effektiv arealutnytting totalt sett i områda. Plassering og dimensjonering av flytebrygger bør gjerast i samråd med leverandør av marinasystem.

Parkering:

Nødvendig parkeringsareal for småbåthamnene o\_SH2, SH3 og o\_SH4 skal opparbeidast innanfor område o\_PP med 0,5 parkeringsplass pr båt plass.

Særskilte krav til det enkelte SH-området:

**SH1** skal nyttast som i dag, og ha tilkomst over område o\_SH4.

**o\_SH2:** o\_SMS2 skal opparbeidast samtidig med o\_SH2.

**SH3:** Tilkomst til SH3 skal opparbeidast innanfor område FB1. Tilgrensande del av veg V5 skal vere opparbeidd før område SH3 kan takast i bruk.

**o\_SH4:** Tilkomst til SH1 over o\_SH4 skal ivaretaast. Dersom trekaia o\_KAI1 skal bevarast, må utnyttinga av o\_SH4 tilpassast til dette, og tilkomst og liggeplass til kaia må sikrast. Dersom o\_KAI1 skal fjernast, skal arealet nyttast i samanheng med o\_SH4 som småbåthamn.

## § 4 OMSYNSSONER (JF. PBL §12-6)

### § 4.1 FRISIKTSONE (H140)

Innanfor frisktsona merka H140 på plankartet skal det vere fri sikt i ei høgde på 0,5 m over tilgrensande vegareal.

### § 4.2 FARESONE - FLAUM (H320)

Flaumsona er berekna for bygningar i tryggleiksklasse F2 og har som føresetnad at moloane vert bygd som skildra i hamneplanen i vedlegg 3. Nybygg innanfor faresona må ha dokumentert tryggleik mot bølgepåverknad i samsvar med TEK 17. Tilstrekkeleg sikring mot bølger vert oppnådd ved å legge oppfylt terreng på minimum +2,7 m NN2000.

Bygg innanfor område I/L skal i tillegg trekkast minimum 4 m tilbake frå fyllingsfronten (ikkje kai- eller bryggefront). Lågaste golvhøgde er sett til +3,0 m NN2000, og bygningar nær sjøen bør etablerast på ein grunnmur som hevar seg 20 – 30 cm over terrenget.

Bygg innanfor område BAA er vurdert å ha tilstrekkeleg skjerming mot bølger av eksisterande Molo1.

## § 5 REKKJEFØLGJEFØRESEGNER

### § 5.1 FØR IGANGSETJINGSLØYVE

- Det er krav om geoteknisk prosjektering i samband med byggesøknad/utfylling for moloar og områda BAA, FB1 og I/L.
- Før utfylling skal det ligge føre godkjend løyve frå Statsforvaltaren (forureiningslova) og Kystverket (havne- og farvannsloven) samt godkjend søknad om tiltak (plan- og bygningsloven).
- Fiskeriaktørane må varslast før utfylling vert sett i gong.
- Det er krav om situasjonsplan som viser ei samla utnytting av o\_SH2 og o\_SMS2. Det er krav om situasjonsplan som viser ei samla utnytting av SH3 og FB1.
- Framande uønska artar skal kartleggast og handteringsplan skal utarbeidast før igangsetting av tiltak innanfor planområdet.
- Sjøleidninga(ne) som ligg nord for dagens anlegg må enten flyttast eller sikrast.
- Ei framtidig etablering av næringsverksemd på område I/L må ta omsyn til etablert busetnad. For verksemdar med stor fare for brann/ eksplosjon eller akutt forureining må det gjennomførast ei særskilt risikoanalyse.
- Det er krav om bruk av siltgardin for utfylling i sjø i perioden 15. mai – 15. september.
- Anleggsaktivitet skal ta omsyn til hekketid for fugl.

### § 5.2 FØR BRUKSLØYVE

- Krav om etablering av molo:
  - Før bruksløyve for ny småbåthamn (o\_SH2 og SH3 med tilhøyrande landareal) skal Molo 2 og Molo 4 vere etablert i samsvar med planen.
  - Før bruksløyve for nye bygg i område FB1 og I/L vert gitt, skal Molo 2 og Molo 3 vere etablert i samsvar med planen. For område I/L kan alternativt bølgebrytning etablerast i samsvar med vedlegg 3 til planen «Bølgeanalyse og havneplan».

- b) Krav om opparbeiding av avkøyrslar til fylkesveg 5852:
- Før bruksløyve for bygg knytt til ny eller utvida verksemd innanfor område I/L vert gitt, skal avkøyrslar frå fylkesvegen til veg V6 vere ferdig utbetra i samsvar med plankartet. Lagerbygg for materiell som i dag blir lagra utandørs, mindre tilbygg/påbygg knytt til eksisterande verksemd, heving av terreng og utfylling i sjø, som ikkje medfører auka aktivitet i området, er ikkje omfatta av kravet om utbetring av avkøyrsla.
  - Før bruksløyve til nye båtplassar blir gitt, skal avkøyrslar frå fylkesvegen til veg o\_V1 vere ferdig utbetra i samsvar med plankartet.
- c) Krav om opparbeiding av interne vegar og parkering:
- For nye båtplassar gjeld eit parkeringskrav på 0,5 parkeringsplass pr båtplass. Nødvendige parkeringsplassar skal vere opparbeidd innanfor o\_PP før bruksløyve for nye båtplassar blir gitt.
  - Før bruksløyve for ny småbåthamn o\_SH2 med tilhøyrande landareal o\_SMS2 vert gitt, skal veg o\_V4 med sideareal vere opparbeidd i samsvar med føresegnene gitt i planen.
  - Før bruksløyve for ny småbåthamn SH3 vert gitt, skal tilhøyrande landareal innanfor UNB, veg o\_V4 og V5 med sideareal vere opparbeidd i samsvar med føresegnene gitt i planen.
  - Før bruksløyve for bygg innanfor område I/L vert gitt, skal nødvendig parkeringsareal innanfor vere opparbeidd innanfor område I/L.
- d) Krav om tekniske anlegg:
- Før bruksløyve for bygg innanfor område BAA og I/L blir gitt, skal nødvendig tekniske anlegg som VA-løysing inkl. sløkkjevattn og tilkomst for utrykkingskøyretøy vere opparbeidd.

## § 6 DOKUMENT SOM FÅR JURIDISK VERKNAD GJENNOM TILVISING I FØRESEGNENE

- *Bølgeanalyse og havneplan – Klovningen havn*. Versjon 03 (eller seinare versjonar). Norconsult AS. 2023-03-28. Vedlegg 3 til detaljreguleringsplanen.

*Reguleringsføresegna er sist endra 30.10.2023. Vedteke av Kommunestyret i Vanylven i møte den xx.xx.2022 (K-sak xx/22)*

<i>Stad</i>	<i>Dato</i>
<i>Fiskå</i>	<i>xx.xx.2022</i>

---

*Lena Landsverk Sande*  
*Ordførar Vanylven kommune*